

Møtereferat

Møte: Møte AU Midt
Tid/Sted: Måndag 05.11.18 kl 18.45 – kl 21.30 på Quality Hotel Panorama, Heimdal
Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Ivar Wang, Trude Sandstad Eldnes, Sverre Tyldum, Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfnes, Johan Narum og Roy Albertsen
Forfall: Kolbjørn Frøseth
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 05.11.2018

| Sak nr. | Emne | Ansvar |
|---------|---|--------|
| 1 | Orientering frå styret Olav Håkon og Johan orienterte om at Leif Forsell deltok på siste styremøte med sine tankar om Nortura som marknadsregulator. Vedtok presisering av førtidsutbetaling av medlemskapital: Dødsbo, opphørte samdrifter og uførheit er dei årsakene der det kan verte førehandsutbetaling Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. | |
| 2 | Orientering frå Medlem region Midt Roy orienterte om eit inntransportprosjekt som skal utarbeide Nortura sin inntransportstrategi for dei neste 5 åra. Pågåande prosess i Midt-Norge. Kostnadsutvikling på inntransport 2013 -2018. SAP-implementering på Malvik som pilot. Tilførselar pr veke 43 og marknadsandelar. Status storfe, småfe og gris. Brit Kari orienterte om Midt-Norsk kjøttkonferanse 1. – 2. februar. Ragnar orienterte om at det er søkt finansiering frå midt-Norsk landbruksråd. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">• Påstand om dårleg dyrevelferd med 2-etasjers bil. Er avklart med Mattilsynet og Animalia, og er uproblematisk.• Spørsmål om kvifor det er overkapasitet, og kva bilar er det som skal takast ut.• Nokon stiller også spm om kvifor ikkje bilane er meir utnytta.• Kva potensiale har vi på innsparing på inntransport og mellomtransport?• Må gjere det klart at vi frå 2021, når avtaleperioden går ut, kjem til å straumlinjeforme inntransporten• Noko uro rundt oppgjer og om det er rett oppgjer, samt tidspunktet for innføringa av SAP.• AU ynskjer å vere orientert om regionale arr tilsv som Midt-Norsk kjøttkonferanse, for å kunne vere delaktig i m.a. finansiering. Ynskjer å vere fortløpande orientert vidare. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. | |
| 3 | Høyringssak: Kva type rådgjeving treng Nortura-bonden Brit Kari gjekk gjennom innspela frå kretsane. Lars Morten la fram forslag til uttale frå RU-møtet: Nortura må ha rådgiving knytta til tilførsel i egen organisasjon. Inn i denne tjenesta må mottak og rekruttering av nye brukere vere. Ellers kan Nortura samarbeide med andre rådgivingstjenester om faglig rådgiving på de ulikefagområder. Denne rådgivinga skal være brukerfinansiert. | |

Nortura må samarbeide med andre rådgivingstjenester om å utnytte ny teknologi og nye arbeidsmåter i rådgivinga.

Innspel/kommentarar:

- Litt sprikande innspel.
- Saknar spissa rådgjeving, så då bør vere betalt rådgjeving.
- Ny teknologi og arbeidsmåter er viktig
- Viktig at rådgjevarar er på og pushar næringa
- Fjøsbesøk som tiltak mot dyretragediar har vore diskutert
- Fjørfe har helseovervåkingsavtale
- Fordel med eit oppsummerande vedtak frå RU-møtet

Vedtak: AU legg fram eit forslag til oppsummerande uttale frå RU-møtet.

4 **Utredning om skjering Nortura Steinkjer**

Lars Morten orienterte om arbeidet som vert gjort for å påverke til utgreiing av alle anlegga for skjering. Han la fram forslag til uttale frå RU vedk utgreiing skjering Nortura Steinkjer:

Regionutvalsmøtet for Midt-Norge meiner det er viktig og rett at Nortura fortløpande vurderer effektiviteten i industrien. Men det må gjerast heilheitlege vurderingar, og RU Midt ber difor om at det vert gjort ei samla vurdering av kapasitetsutnyttinga av skjeringa i Nortura, og ikkje berre av skjeringa ved Nortura Steinkjer åleine. Styret må og til ei kvar tid vurdere om korleis vi skal fylle dei landbrukspolitiske oppgåvene Nortura har.

Innspel/kommentarar:

-

Vedtak: AU vil legge fram forslag til uttale frå RU i RU-møtet.

5 **Førebuing av RU-møtet**

Lars Morten la fram sine moment i RU-leiar sin tale. AU gjekk gjennom kretsaktiviteten, og valgte Åfjord/Roan som mest aktive kretsutval. Separate møter for dyreslaga vart drøfta. Kvart dyreslag oppsummerer 3 punkt som vert tatt vidare til AU.

Vedtak: AU kårer Åfjord/Roan som mest aktive kretsutval

6 **Eventuelt**